



Seim Bygg AS
Terje Seim
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2386 - 14/12123

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
20.05.2014

Løyve til etablering av tilbygg på gbnr 144/10 Førhovden

Administrativt vedtak. Saknr: 080/14

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av tilbygg med BYA på 64,70 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 10.04.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Seim Bygg AS v/Terje Seim Org.nr 984330324	S	SØK Ansvarleg søker T1 PRO overordna ansvar for prosjektering T1 UTF tømmerarbeid T1
Stendal VVS org.nr 980626180		PRO sanitæranlegg i tilbygg T1 UTF sanitæranlegg i tilbygg T1
Svein Litleskare maskinstasjon	S	UTF grunn og betongarbeid T1

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



AS org.nr. 998121663		
Brødrene Myking maskinstasjon AS org. Nr 967497029	S	UTF betongarbeid T1

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden gjeld tilbygg til eksisterande bustad. Tilbygget har ei BYA på 64,70 m2. Det er søkt i eit trinn, og tiltaket er belagt med ansvarsretter.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Uttale frå andre mynde

Det er søkt til Teknisk drift hos kommunen om dispensasjon i frå byggjegrænse mot veg. Dette er innvilga med vilkår.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av Kommuneplanen for Lindås Kommune vedtatt 22.09.2011.

Området er i plan sett av til bustadformål.

Uteopphaldsareal og parkeringsløysningar

Det er i søknad redegjort for parkeringsløysning og uteopphaldsareal. Administrasjonen vurderer denne i samsvar med krav sett i plan og forskrifter.

Plassering og høgdeplassing

Høgdeplassinga vert godkjent til OK kjellergulv til kote 14,5, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomte.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Det er i tillegg til søknad om tilbygg søkt om etablering av slamsvaskiljer. Denne vert handsama i eget vedtak. Men søknad om ansvarsrett for sanitæranlegg er handsama i dette vedtaket.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om tilbygg med ei BYA på 64,70 m2.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
10.2.1 Basisbygg for tilbygg	1	13.500
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett	4	4.000
Totalt gebyr å betala		17.500

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM